

Opning av Kvamen Tømmerkai

Klima og miljøminister, Sveinung Rotevatn
Fjaler, 10. mars 2020

- **Noreg har ein lang tradisjon med å frakte tømmer på vatn og elver. Med den lange kystlinja vi har i landet, er dette ei openbar transportåre for å frakte tømmer til marknaden også i dag**
- **Tømmerkaier bidreg til reduserte transportkostnader og økt konkurransevne i skog- og trenæringa.**
- **Vi treng ei konkurransedyktig skog- og trenæring. Det er avgjerande for lokale arbeidsplassar. Men skogen er også heilt avgjerande i å få ned klimagassutsleppa.**
- **Regjeringa har sett ambisiøse klimamål for 2030, mål om eit lågutsleppssamfunn innan 2050 og mål om å verne 10 prosent av skogen.**
- **For å få til dette må vi omstille oss til eit samfunn kor vekst og utvikling skjer innanfor naturens tålegrensar.**
- **Nokon sett klimatiltak, naturmangfaldstiltak og næringsutvikling opp mot kvarandre. Eg meiner tvert imot at det er ein vinn-vinn-vinn situasjon:**
- **Vernet er ein føresetnad for at vi skal klare å bevare alle dyr og planter som høyrer naturleg heime i Norge. Skogvernet er dermed ein føresetnad for ei bærekraftig utvikling i skogen**
- **Skogen tar òg opp mykje karbon og er eit viktig karbonlager. For å få best mogleg opptak er det òg behov for varsam og bærekraftig skjøtsel av den forvalta skogen.**
- **I tillegg er skogen viktig for næringsutvikling, og vi ser mykje spennande innovasjon:**
 - **Eksempelvis ser vi at det føregår mykje utvikling og investeringar i Noreg på bruk av trematerialar i bygg, eksempelvis limtre. Når vi bruker tre i bygg i staden for betong og stål, reduserer vi klimautsleppa. Utsleppa frå produksjon av trematerialar er lave. I tillegg bind trebygg karbon i heile levetida si.**
 - **Òg biodrivstoff kan lagast av avfall og restar frå skog. Regjeringa fører ein offensiv biodrivstoffpolitikk, og dette medverkar til å skape etterspørsel etter råstoff frå skog.**

- **For å få til ei grøn omstilling, må vi frå regjeringa si side, sørge for riktige rammevilkår, ei bærekraftig naturressurs- og arealforvaltning og bidra til utvikling av marknader gjennom eigne investeringar og bruk av eiga marknadsmakt, og ein framtidretta infrastruktur.**
- **Samtidig må alle samfunnsområde og aktørar bidra. Innovasjon og teknologiutvikling er ein av nøklane til det grønne skiftet, og næringslivet ei sentral kraft. Vi kjem til å trenge innovative og gode grønne løysingar framover, og eg har trua på at skognæringa er ein sentral kraft i dette arbeidet.**
- **De er det grønne skiftet i praksis. Lykke til!**